



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# REGIONALT PLANFORUM

INFORMASJON OM FØREMÅL OG BRUK

VEDLEGG SHEFTE



## Vedlegg 2 – eksempel på skildring av planarbeid og problemstillinger:

### Eksempel frå Stryn – arealdelen - kommunedelplan Olden

Tema er utvikling av infrastruktur for cruisetrafikk i Olden, og kva utgreiingar som bør gjerast. Vi er i ein planprogram-fase, med to perspektiv:

1. Avklare om det er mogleg å etablere Seawalk-løysing frå næringsarealet på Oldenleirane. Nordfjord Havn ser dette mest som eit alternativ til tendertrafikken når kaia er opptatt.

Viktigaste omsyn her synest å vere:

- omsynet til laksen i Oldenelva, som nasjonal lakseelv og Nordfjorden som nasjonal laksefjord
  - Oldenelva som verna vassdrag
2. Eit forarbeid for ny kommunedelplan for Olden, der ein løftar blikket og ser på tema som:
    - «Tåleevna» til Olden som cruisedestinasjon, kor mange cruisepassasjerar kan takast i mot utan at kvaliteten på produktet blir for dårleg
    - vurdering av marknad og berekraft av cruiseproduktet naudsynt oppbygging av infrastruktur på land
    - alle alternative løysingar for framtidig kai, inkludert naudsynt areal på land

**Det vi ønskjer å få ut av dette møtet, er primært:**

- Kva utgreiingar må gjerast i ein planprosess knytt til punkt 1?
- Kva erfaringar finst frå Seawalk-løysingar andre stader i fylket?
- Ser fylkesmannen allereie no viktige hindringar i høve punkt 1?
- Råd om prosess og medverknad i høve punkt 2

### Eksempel frå Luster – kommuneplanens samfunnsdel

Bakgrunn for måten me har gjort det på:

Planstrategi:

- Opprydding mellom kommunedelplanar og fagplanar
- Nye kommunedelplanar på sentrale tema; Folkehelse og Beredskap – ROS - desse skal innarbeidast i samfunnsdelen ved neste rullering

Har endra disposisjonen på planen jfr planprogrammet – men tema er dei same.

Fokus på prioriterte satsingsområde innafor desse hovudtema;

- Luster – ein god stad å bu
- Luster – ein god stad å driva bedrift
- Luster – ein god stad å besøkja

**Arealdel:** Planprogram er under utarbeiding. Kap 10 i samfunnsdelen gjev nokre føringar for arealdelen.

**Tema for drøfting i planforum:**

Luster kommune ynskjer fokus på samfunnsdelen og tema som er aktuelle her. Spørsmål knytt til arealdelen må sjåast i høve kap. 10, og me ynskjer berre synspunkt på overordna nivå.

1. Er våre problemstillingar relevante, jf. forventingar regionalt nivå har til kommuneplanen sin samfunnsdel?
2. Kva oppgåver er viktige å ta med jf. samhandling med region/statleg for valting? Er det oppgåver som ikkje er kome med?
3. Er det andre oppgåver / tiltak der region/stat kan bidra med utviklingsmidlar til Luster kommune, som ikkje er teke med i planen?
4. Kopling mellom handlingsdel og økonomiplan? Råd om ulike metodar på dette.

### Vedlegg 3 - Adresser til videokonferanserom

Adresser til våre videokonferanserom:

**Fylkeshuset, Leikanger**

Møterom	URI/IP-adresse	Telefonnr. (tale)
Åskåra	fhask@sfj.no	57852855
Jølstra	fhjol@sfj.no	57852854
Skåla	fhska@sfj.no	57846301
Sygna	fhsyg@sfj.no	57852853

**Storehagen Atrium, Førde:**

Møterom	URI/IP-adresse	Telefonnr (tale)
Hafstad	sahaf@sfj.no	57852856
Halbrend	sahal@sfj.no	57846302
Sunnfjord	sunnfjord@lottstift.no	



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKommUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto: Torbjørn Hasund